

Årsmelding 2023 for Etne og Vindafjord Mental helse

Styret:

Leiar:	Sølvi Eide Lunde
Kasserar:	Gerd Ekse
Sekretær:	Sigrid Bøthun
Styremedlemmer:	Torbjørn Svan
	Ingeborg Gussiås (ungdomsrepresentant)
Vara:	Elsa Eikemo Larsen
	Solveig Øvernes
	Karianne Taraldsøy
	Victoria Synnøve Angell

Det har vore eit aktivt år. Me har hatt 5 styremøte i 2023. I tillegg har nokre styremedlemmer delteke på 4 samarbeidsmøte om Verdsdagen for psykisk helse. Det årlege møtet med psykisk helseteneste i Etne og Vindafjord kommunar vart gjennomført 15.mars der tema var recovery- og recoverykurs.

Regnskap 2023:

Regnskapet for 2023 er revidert, og viser saldo på kr. 171.744 pr. 01.01.24. (146.635,20 pr. 01.01.23.). Men i dette ligg støtte frå SØK øyremerka gjennomføring Venn1 i Vindafjord som vart utsett frå 2023 til 2024 pga sjukdom. Regnskapet for Verdsdagen vert ført av Etne og Vindafjord Mental helse.

Det var søkt økonomisk støtte til arrangementa. Oppsummert har følgjande organisasjonar støtta tiltaka til Etne og Vindafjord mental helse; Venn 1; Ellagsfondet med kr. 30.000 og SØK kr. 20.000, Vindafjord kommune kr. 10.000 og Etne kommune kr.5.000. Takk til desse!

Medlemstal:

Me har 36 medlemmer inkl. 3 bedriftsmedlemer pr. 31.12.23. Med andre ord stabil medlemsmasse.

Årsmøte har tidlegare vedteke at medlemmer som er trygda og sit i styret (inkl.vara), skal få refundert medlemsavgift mot kvittering.

Aktivitetar:

Brukarråd Dagsenter Psykisk helse og rustenester

Både Vindafjord og Etne kommunar har brukarråd i tilknytning til dagsenter innan psykisk helse og rus i sine kommunar. Etne og Vindafjord mental helse ønsker å vere ein ressurs for tenestene, og vil følge dette opp vidare.

Rådet for eldre og funksjonshemma

Etne og Vindafjord Mental helse har f.t. ingen brukarrepresentantar i Rådet for eldre og funksjonshemma i Etne og Vindafjord kommunar i denne kommunestyreperioden.

Møte psykisk helse Etne og Vindafjord kommunar 15.mars og ope møte 22.november

Erfaringskonsulent frå Vindafjord fortalte om deira erfaringar med recoverykurs. Etne vart inspirert til å undersøke om dette kan verte gjennomført i Etne. I møte vart det planlagt å ha felles samling for begge kommunane på dagsenteret i Sandeid til hausten med tema recovery. Dette vart gjennomført 22.november med Kjellaug Iversen og Åse Haktorsen frå lærings- og mestringssenteret i Helse Fonna. Dei presenterte og delte erfaringar frå recoverykurs. Kjellaug delte og sine erfaringar med eigen recoveryprosess. Det var om lag 25 personar som møtte; både brukarar, tilsette og styremedlemmer frå Etne og Vindafjord mental helse. To styremedlemmer deltok saman med psykisk helse og rustenester i Etne og Vindafjord kommunar på stand på Etne og Ølen senter i samband med markering av Verdsdagen for psykisk helse.

Årsmøte 23.februar 2023

Vanlege årsmøtesaker. Tema for årsmøtet var dialog rundt tema *Kva skjer i Mental helse nasjonalt?*

Informasjon frå fylkesleiar Martha A. Hocking og Karl Olaf Sundfør.

Verdsdagen for psykisk helse 2023 i Etne og Vindafjord kommunar

Verdsdagen for psykisk helse vart markert 19.oktober med tema; Pårørande – «Du er ikkje åleine» med Olaug Bollestad som innleiar. I tillegg var pårørandesenteret ved Gry Anett Øvergård. Etter föredraget var det ein paneldialog kring tema med föredragshaldar, pårørande Annbjørg og Sigmund Lunde og fastlege Karsten Hatteland. Oppmøte med om lag 200 personar med gode tilbakemeldingar.

Venn 1

Etne og Vindafjord mental helse tok initiativ til i samarbeid med helsesjukepleietenesta og skulane å få Venn1 til ungdomsskular i Etne og Vindafjord kommunar i samband med verdsdagen for psykisk helse. Dette vart gjennomført i Etne kommune, men grunna sjukdom vart det i Vindafjord kommunar utsett til 2024. Etne og Vindafjord mental helse sökte støtte hjå Elagsfondet (Etne) – fekk kr. 30.000 og SØK (Vindafjord) kr. 20.000. Leiar møtte på foreldremøtet til Venn1 i Etne 18.oktober. Gode tilbakemeldingar etter gjennomføring.

Temakveldar

Gjennomført to temakveldar, jmfr. handlingsplanen.

Temakveld open for alle 26.april, Etne- frivilligsentral. Tema: Arbeid, aktivitet og livsmeistring. Oppmøte på om lag 20 personar. Tidl. erfaringsmedarbeidar Wenche Nytingnes -delte sine erfaringar før Etne frivilligsentral v/ Solveig Kvamme og Øyane ASVO v/ Carina Hornenes presenterte sine tilbod.

Temakveld open for alle 01.november, Vindafjord frivilligsentral. Tema: Å leva,–og mestre vegen vidare....

Sokneprest i Etne Kari Vik Stuhaug innleia til tema og refleksjon med bilder. Om lag 25personar møtte. Dette vart eit samarbeid med LEVE Rogaland.

Mental helse Rogaland – kurs i politisk påverknad 17. – 19.mars

Leiar Sølvi Eide Lunde deltok. Viktig og nyttig kurs som og bidreg til nettverksbygging

Sommaravslutning – besök til Karmøy mental helse 8.juni

Fleire av styremedlemmer deltok. Det var utruleg kjekt å bli kjent med medlemmer i Karmøy MH og høyre om deira aktivitetar.

Juleavslutning – 7. desember

Nesten alle i styret deltok som ei fin avslutning på godt arbeid gjennom året. Velferdsmidlar frå Mental helse Rogaland finansierte avslutninga. Dei av styret som ikkje deltok fekk ei blomehelsing.

Kva er bra og kva er utfordringar:

Det er bra med stabilitet i styret. Styret treng likevel nyrekrytting både av yngre personar og menn, for å sikre både nyttenking, engasjement og kontinuitet. Etne og Vindafjord Mental helse har godt samarbeid med representantar for lokalt næringsliv med Vindafjord Arbeidsgiverforum/ Medvind 24 samt kommunane. Laget får tilbakemelding frå både bedrifter, kommunane og enkeltpersonar på at arbeidet me gjer for å løfte fram fokus på psykisk helse er viktig og bra. Håpar Etne og Vindafjord Mental helse sin innsats i lokalsamfunnet stimulerer til vidare engasjement og bidrag for å løfte fram verdien av å styrke psykisk helse i lokalt folkehelsearbeid.


Takk til alle i styret for dykker bidrag!


Styret i Etne og Vindafjord Mental helse



Sølvi A. Eide Lunde


Gerd Ekse.
Gerd Ekse

Elsa Eikemo Larsen


Sigrid Bøthun
Ingeborg Gussiås


Torbjørn Svan


Solveig Øvernes (vara)


Karin Metaralds (vara)